



Vedtak i fylkesutvalet 19.11.2009

Mrk. at dette ikkje er særutskrift av møteboka.
GST, 20.11.2009

280/09 HØRING - "NYE BESTEMMELSER OM TORSKEOPPDRETT"

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg i hovudsak til dei framlagde forslaga i forskrifta. Ein legg her vekt på at forskriftsendringane vil føre til meir berekraftig og framtidretta torskoppdrett.
2. Hordaland fylkeskommune har merka seg at forslaget inneber stans i tildeling av akvakulturløyve for marin fisk i det geografiske området som er omfatta av forslag til ny "Hardangerfjordforskrift". Hordaland fylkeskommune vil peike på at denne stansen bør vere mellombels og med ein fastsett tidshorisont slik at det ikkje vert unødige hindringar for optimalisering av drifta for torskoppdrettarane på sikt.
3. Hordaland fylkeskommune har merka seg at det er føreslått at "*lokaliteter for torsk ikkje skal etablerast i gyteområde for vill torsk*". Vi meiner at kartlegginga av gyteområda, og prosedyrane som har vore nytta for kartlegginga fram til i dag, bør betrast før kartmaterialet vert nytta som kategorisk avslagsgrunn for søknader om oppdrett. Mangelfull fagleg grunngjeving vil kunne vere uheldig for utvikling og struktur i næringa. Vidare kan slik bruk av eksisterande kartmateriale føre til miljømessig uheldig plassering av oppdrettsanlegg og at potensielt gode lokalitetar ikkje vert nytta.
4. Hordaland fylkeskommune ber om at det snarast vert sett i gong eit arbeid for å skaffe best mogleg kartgrunnlag over gyteområda. Vi ber om at "gyteområde" vert definert, at det vert fastsett grenseverdiar og at dei regionalt viktigaste områda vert prioritert, slik at kartet kan nyttast i sakshandsaming.

281/09 HØYRING - FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMND I HARDANGERFJORDEN

Det var 14 representantar til stades.

Magnar Lussand sette fram slikt forslag til tillegg:

"Konsekvensane av forskrifta om redusert maksimalt tillaten biomasse (MTB), kan også ha verknad for næringsverksemd (slakteri) som er etablert med basis i lokal produksjon. Hordaland fylkeskommune ber om at dette også vert vurdert i samband med krav om redusert MTB slik at lokale oppdrettsverksemdar som oppfyller kravet om kort transport av levande fisk vert skjerma når eventuell reduksjon av MTB skal vurderast."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Lussand sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune meiner bærekraft er ein premiss for havbruksnæringa og stør tiltak som er effektive bidrag til ei stabil og langsiktig næringsutvikling i Hardangerfjorden.
2. Hordaland fylkeskommune meiner tiltaka i forskrifta må evaluerast og følgjast opp med forskning for å fastslå at tiltaka gjev forventa positiv miljøeffekt. Ordninga bør uansett opphøre innan 01.01.2015 om ikkje ei fagleg evaluering er gjennomført, eller at ei slik evaluering tilrår ytterlegare lenging av tiltaket.
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer at staten går inn for avbøtande tiltak og bidreg med verkemiddel for oppdrettarane som vert ramma av forskrifta. Tiltaka bør drøftast med næringa. Døme kan være prioritering av råka verksemdar i saker om tildeling av løyve og lokalitetar utanfor forskriftsområdet, økonomisk kompensasjon, fleksibilitet for flytting over regiongrensar med meir.
4. Hordaland fylkeskommune ynskjer å vere delaktig i gjennomføringa av forskrifta. Det gjeld generelt i saker som omhandlar akvakulturforvaltning og spesielt i saker som omhandlar Hardangerregionen.
5. Hordaland fylkeskommune ynskjer meir føreseielege nasjonale rammeføresetnader for næringa slik at endringar av denne art kan varslast i samband med konsesjonstildeling.
6. Konsekvensane av forskrifta om redusert maksimalt tillaten biomasse (MTB), kan også ha verknad for næringsverksemd (slakteri) som er etablert med basis i lokal produksjon. Hordaland fylkeskommune ber om at dette også vert vurdert i samband med krav om redusert MTB slik at lokale oppdrettsverksemdar som oppfyller kravet om kort transport av levande fisk vert skjerma når eventuell reduksjon av MTB skal vurderast.

282/09 HØRING AV FORSLAG OM NYE BESTEMMELSER FOR TILLATELSE TIL AKVAKULTUR AV LAKS - ØRRET OG REGNBUEØRRET TIL SÆRLIGE FORMÅL

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune meiner mange av løyvetypane i denne forskrifta har viktige funksjonar for opplæring, forskning, folkehelse og reiseliv og stør modernisering av regelverket.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til at storleiken på fleire av løyvetypane til særlege føremål kan tildelast på eit nivå som er realistisk i høve til kommersielt matfiskoppdrett.
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer at forskrifta skal klårgjerast med omsyn til fylket si rolle i samband med oppgåverforma som uttalt i Ot.prp. nr. 10 (2008-2009).
4. Hordaland fylkeskommune ynskjer at løyve til "fiskepark" vert tidsavgrensa til meir enn 5 år og at storleiken vert vurdert i kvart tilfelle utan tak på 2 tonn produksjon.
5. Det er ynskjeleg at fylkeskommunen vert konsultert og trekt inn ved oppretting av faggrupper, og som bidragsytarar i desse. Dette gjeld særleg for dei løyvetypane som er relevante for

vidaregåande opplæring og for regional utvikling.

283/09 HØRING AV FORSKRIFT OM KAPASITETSØKNING I LAKSE- OG ØRRETOPPDRETT I 2010

Det var 14 representantar til stades.

Tom-Christer Nilsen sette på vegner av H, Frp og KrF fram slikt forslag:

”Fylkesrådmannen sitt forslag med slikt punkt 2:

Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at det på noverande tidspunkt er grunnlag for å avskjere tilnærma heile fylket frå utvida MTB i 2010. Subsidiært må dei produksjonsmessige avgrensingane som ligg i forslaget vera av mellombels karakter inntil meir detaljert kartlegging av miljøtilpassing av oppdrett i fylket ligg føre.”

Røysting

Nilsen sitt forslag vart vedteke med 12 røyster mot 2 røyster (SP, SV) for fylkesrådmannen sitt forslag.

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert opna for ein forsiktig vekst innan oppdrett av laks og aure.
2. Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at det på noverande tidspunkt er grunnlag for å avskjere tilnærma heile fylket frå utvida MTB i 2010. Subsidiært må dei produksjonsmessige avgrensingane som ligg i forslaget vera av mellombels karakter inntil meir detaljert kartlegging av miljøtilpassing av oppdrett i fylket ligg føre.
3. Det er ynskjeleg at fylkeskommunen, som konsesjons- og forvaltningsorgan for tildeling av løyve og auka MTB, vert trekt inn som part i førebuande vurderingar for oppretting av ”fryssoner” for oppdrett.
4. Enkelte område innafor sona som er foreslått i vedlegg 1 har høg utnytting til oppdrett, mens andre er meir ekstensivt drive. Hordaland fylkeskommune ynskjer at område for tildeling i forskrifta vert vurdert på eit meir detaljert og lågare geografisk nivå.
5. Hordaland fylkeskommune ynskjer at det vert nytta meir ressursar for utvikling av betre kunnskapsbaserte verktøy og data for berekraftig lokalisering av oppdrett. Vidare at dette vert grunnlag for framtidig soneinndeling.
6. Hordaland fylkeskommune ynskjer at etableringa av sona ikkje skal vere til hinder for miljøtilpassingar i regi av næringa i samband med å redusere sjukdom (PD) og lakselusproblem.
7. Hordaland fylkeskommune ynskjer at heile eller delar av vederlaget for løyve til auka produksjon skal tilfalle fylkeskommunen for utvikling av kunnskapsbasert bærekraftig oppdrettsforvaltning.

284/09 HØYRING - FORSLAG OM ETABLERING AV INTER - REGIONALT BIOMASSETAK FOR VERKSEMDER SOM VIDAREFOEDLAR EIN VESENTLEG DEL AV EIGEN OPPDRETTSFISK

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert opna for regionalt biomassetak som gjer auka fleksibilitet og positive ringverknader for så vel samfunn og verksemder.
2. Hordaland fylkeskommune ynskjer at næringa sine organisasjonar vert trekte inn for å vurdere bearbeidingsgrad og grad av vidareforedling som basis for kva verksemder som kjem inn under ordninga.